



Arkivsak-dok. 16/07094-2
Sakshandsamar Turid Kristoffersen

Saksgang
Hovudutval for kultur

Møtedato
15.09.2016

Høyringssvar - Primærhelsetenestemeldinga og Oppgavemeldinga om overføring av tannhelsetenesta til kommunane

Forslag frå fylkesrådmannen:

1. Telemark fylkeskommune tilrår at den offentlege tannhelsetenesta ikkje overførast frå fylkeskommunalt til kommunalt forvaltningsnivå.
2. Viss regionreforma gjennomførast bør den offentlege tannhelsetenesta overførast til regionalt nivå.

Bakgrunn for saka:

Helse- og Omsorgsdepartementet har sendt ut høyringsnotat knytt til Primærhelsetenestemeldinga og oppgavemeldinga, Mld. St 26 (2014- 2015) «Fremtidens primærhelsetjeneste- nærhet og helhet» der regjeringa i kapittel 5 foreslår lovendringar som er nødvendige for å overføre ansvaret for tannhelsetenesta frå fylkeskommunen til store robuste kommunar. Lovforslaget er i hovudsak ei vidareføring av gjeldane rettigheter etter tannhelsetenestelova med einskilde endringar, men inneber ikkje nokon reform når det gjeld omfanget av det offentlege ansvaret for tannhelsetenester.

Forslag til endringar bør sjåast i samanheng med Meld.St.14 (2015 – 2016) Kommunereformen. Frist for høyringssvaret er sett til 1.oktober 2016.

Saksopplysningar:

Regjeringa foreslår å overføre tannhelsetenesta frå fylkeskommunen til større og meir robuste kommunar utan å definere kva «robuste» kommunar er. Hovudargumentet for ei slik overføring er at dette vil kunne gje ei betre integrering av tannhelsetenester i kommunane si helse- og omsorgsteneste. Ein håper dette vil kunne gje ei betre tilbod til pasientar med meir kompleks trøng på helsetenester.

Departementet planlegg at kommunane skal ta over drifta av dei offentlege tannklinikke. Kommunar som ikkje har eigne tannklinikkar vil måtte samarbeide med andre kommunar eller kjøpe tenester frå private tilbydarar for å sikre eit lovpålagt tilbod til innbyggjarane sine.

Kommunane skal og overta ansvaret for spesialisthelsetenester til dei gruppene som har rett til kostnadsfri tannhelsetenester etter tannhelsetenestelova. Kommunane får ansvar for kostnadsfri allmenn- og spesialistbehandling til

- born og unge 0-18 år,
- psykisk utviklingshemma,
- eldre og kronisk sjuke i institusjon eller heimesjukepleie,
- pasientar med helseproblem knytt til psykisk helse og rus
- innsette i fengsel
- pasientar med tannlegeskrekksårsaka av tortur, overgrep, vold eller andre årsaker (TOO tilbodet).

Kommunar som ikkje har spesialistar vil måtte løyse oppgåvene i samarbeid med andre kommunar eller kjøpe tenestene frå private tilbydarar. Det er ikkje sett krav til at slike tenester skal vere tilgjengelege i nærområdet. Ansvaret for førebyggande og helsefremmende arbeid innfor tannhelsefeltet skal og overførast til kommunane.

Den offentlege tannhelsetenesta har vore fylkeskommunen sitt ansvar sidan 1.januar 1984. Tannhelsetenestelova sett forut at fylkeskommunen skal sikre at tannhelsetenester inkludert spesialisttenester i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller har midlertidig opphold i fylket.

Utforminga av tannhelsetenesta blei framstelt i Mld. St. 35 (2006-2007). «Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjeving. Framtidas tannhelsetjenester». Den gongen hadde fleirtalet i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget ingen merknadar til forslaget om å vidareføre og styrke tannhelsetenesta som eit regionalt tilbod. Ellingsæter (1993) kom til same slutning i si utgreiing «Tannhelsetjenesten i Norge. Beskrivelse, vurdering perspektiver mot 2015» Såleis har det aldri tidlegare vore tilrådd ei kommunal offentleg tannhelseteneste.

Telemark fylkeskommune har investert mykje i større tannklinikkar for å skape solide fagmiljø og ei best mogleg arbeidsdeling mellom tannlegar og tannpleiarar. Denne strukturen har gjort det lettare å rekruttere og dekke trøngen for tannhelsetenester, særleg ved vakansar knytt til svangerskapspermisjonar og lengre sjukdomsfråver. Gjennom dette er befolkninga sikra eit stabilt og solid tannhelsetilbod. Tilsetting av fleire spesialistar ved Skien tannklinik har ført til auka kompetanse slik at pasientane i Telemark er sikra tenester av høg kvalitet i eige fylke. I tillegg har ein tilbod for behandling i lystgass, narkose og spesielle tilbod med psykologstøtta behandling for pasientar med tannlegeskrekksårsaka. Fylkeskommunen organiserer tannlegevakt i samarbeid med Telemark Tannlegeforening.

Vurdering frå fylkesrådmannen:

Sjølv med kommunesamanslåing vil det vere få kommunar i Telemark som vil kunne gje eit så omfattande tannhelsetilbod som TFK har i dag. Dei fleste kommunane vil måtte løyse etterspurnaden etter tannhelsetenester gjennom interkommunalt samarbeid. Det vil bli dei enkelte kommunane sitt ansvar å følgje opp disse avtalane. Dei vil sjølv måtte tilsette personell og finne løysingar ved eventuelle vakansar og fagleg forsvarlegheit må sikrast, noko som kan bli kostnadskrevjande.

Det er forventa at ei kommunal tannhelseteneste lettare vil la seg koordinere med dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Det er ikkje dokumenterte at ein felles arbeidsgjevar vil vere avgjerande for å sikre eit best mogleg samarbeid mellom disse helsetenestetilbydarane. Mange stader fungerer dette samarbeidet godt i dag. Allereie i 1997 ble det laga ei forskrift for eit slikt samarbeid i Sosial- og helsedepartementet sitt rundskriv om «Kvalitet i pleie- og omsorgstenestene».

I høyringsnotatet skriv departementet at Tannhelsetenestelova, som er frå 1984, treng ei modernisering. Fylkesrådmannen finn dette tilrådeleg for at lovverket som regulerer tannhelsetenesta harmonerer med anna helselovgiving.

Ei overføring av den offentlege tannhelsetenesta til kommunane vil i Telemark føre til at kompetansen og tenestetilbodet som er bygd opp over tid vil bli stykka opp og gå ei usikker framtid i møte. Det ligg i saken sin natur at Telemark har for få innbyggjarar til at dei aller fleste kommunar kan bli robuste nok gjennom kommunesamanslåing.

Det er viktig at det gode tilbodet den offentlege tannhelsetenesta gjev til innbyggjarane i Telemark ikkje stykkes opp og blir sett på spel, men vidareførast på fylkeskommunalt eller regionalt forvaltningsnivå. Overføring av den offentlege tannhelsetenesta til kommunane er ingen garanti for eit betre samarbeid med kommunane si helse- og omsorgsteneste. Ei vidareføring av dette samarbeidet er fullt mogleg med modellen ein har i dag og om nødvendig med tilpassing av lovverket.